



DEN NORSKE KYRKJA

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

Barne- og familiedepartementet
Akersgata 59
0180 OSLO

Dato. 9.10.2020

Vår ref: 2020/49 - 008

Høringsuttale til ny forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja

Gjeldande økonomiføreskrifter for den lokale kyrkja er i dag ført i samsvar med dei kommunale rekneskapsføreskriftene, medan rettssubjektet DNK sin rekneskapsføring er ført i samsvar med rekneskapslova.

I den vedtekne trossamfundsloven §14, 6.ledd som tek til å gjelde frå 01.01.21. står det følgjande: «Regnskapsloven gjelder for regnskapet til rettssubjektet Den norske kirke og for regnskapet til soknet, med mindre departementet har fastsatt annet i forskrift».

Ovannemnde inneber at det i trossamfundsloven alt er vedteke eit anna rekneskapsprinsipp for lokal kyrkja enn det den lokale kyrkja nyttar i dag.

Den vedtekne lovteksten i trossamfundlova inneber ei endring i rekneskapsprinsipp for både fellesråda og sokneråda.

Vilkåret for at fellesråd og sokneråd framleis skal kunne halde fram med det kommunale rekneskapsprinsippet er at departementet fastset dette i eiga føreskrift. Dette har departementet gjort i sitt framlegg i § 4, 1. ledd.

«§ 4 Grunnleggende regnskapsprinsipper og god kommunal regnskapsskikk

(1) Forskriften er basert på de regnskapsprinsipper som følger av de kommunale budsjett- og regnskapsforskriftene».

I kyrkelova er det på same måten som i den vedtekne Trossamfundsloven som tek til å gjelde f.o.m. 01.01.2021 §14 heimla at det er kommunen som framleis skal ha ansvaret for finansieringa av kyrkja si lokale verksemd. I same § 6. ledd er det også vidareført frå dagens lovgjeving «etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd».

Når det gjeld tenester frå kommunen i staden for tilskot er det svært truleg rekneskapsføring, lønn og revisjon som er mest vanleg å ha med i ein tjenesteytingsavtale mellom kommunen og kyrkja. Ei endring som inneber rekneskapsføring etter eit anna prinsipp enn det som er gjeldande i dag vil gjere ein slik del av ein tjenesteytingsavtalen med kommunen vesentleg mykje fordyrande. Svært truleg vil kommunane då ikkje ta ansvaret for rekneskapsføring, lønn og revisjon.

Dette vurderer ein som svært uheldig av di dette samarbeidet slik det fungerer i dag også styrkar kontakten mellom den lokale kyrkja og kommunen. Dette samarbeidet er viktig når kommunen framleis også skal ha ansvaret for å finansiere den lokale kyrkja (jf. Trossamfundsloven § 14).

Konklusjon:

Grunnleggende regnskapsprinsipp og kommunal regnskapsskikk vert gjort gjeldande slik den ligg føre i framlegg til økonomiforvaltninga § 4 i sokn i Den norske kyrkje.

Epost: sunnfjord@sunnfjordkyrja.no

Telefon: 57828180



DEN NORSKE KYRKJA

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

I utkast til ny økonomiføreskrift har departementet § 3 presisert grunnleggande krav til økonomiforvaltninga.

§ 3 Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen

Soknets organer skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid, og skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi. Soknets organer skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.

Dette er ei viktig presisering ikkje minst med tanke på at ein mest truleg går mot ei framtid der ein må rekne med ein «større kamp» for å få midlar til den lokale kyrkja.

Konklusjon:

§ 3 Grunnleggande krav til økonomiforvaltningen vert slik den føreligg i framlegg til økonomiforvaltningen.

Når det gjeld kostnader knytt til pensjon jfr. Utkast til ny økonomiføreskrift §15 bokstav b. Kostnadane til pensjon er eit komplisert område og kostnadane knytt til framtidige utgifter er vanskeleg å rekne ut. Det er kommunane som skal ha ansvaret for finansiering av den lokale kyrkja i framtida og det er derfor viktig for dei at kostnaden vert gjort synleg i rekneskapen

Konklusjon:

I § 15 bokstav b i forslag til notar til rekneskapen knytt til pensjonsforpliktingane må det lagast eit krav til standard slik at det talmaterialet som vert lagt fram synleggjer eit talmateriale som er samanlignbart uavhengig av kven som er pensjonsleverandør.

Det framlagde forslaget frå departementet er for det meste ei vidareføring av dei økonomiføreskriftene som gjeld for fellesråd og sokneråd i dag.

Hovudkonklusjonen er derfor at fellesrådet kan godkjenne departementet sitt framlegget til forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kyrkje slik dei føreligg, men med ovannemnde presiseringar og konklusjonar.

I høyringsnotatet del 3 er det i tillegg utarbeida eit framlegg til alternative fristar og alternativ arbeidsfordeling med tanke på ein framtidig revisjon av økonomiføreskriftene.

Utvalet sitt framlegg er:

«§ 17 Årsavslutningen, regnskapsfrister og behandlingen av årsregnskap.

Soknets organer vedtar selv årsregnskap og årsberetning. Vedtaket må angi disponering av regnskapsmessig mindreforbruk eller dekning av regnskapsmessig merforbruk.

Årsregnskapene og årsberetningene skal vedtas senest fire måneder etter regnskapsårets slutt. Hvert årsregnskap skal behandles samtidig med tilhørende årsberetning.

For soknets organ på kommunenivå innstiller administrativ leder til vedtak om årsregnskap og årsberetning.

For menighetsråd innstiller den som økonomireglementet bestemmer til vedtak om årsregnskap og årsberetning.

Årsregnskapene skal avlegges senest 22. februar.

Årsregnskapene skal for organ for sokn på kommunenivå undertegnes av administrativ leder, og for menighetsråd av den som økonomireglementet bestemmer skal innstille til vedtak.

Årsberetningene skal avgis senest 15. mars.

Revisor skal avgi revisjonsberetning til det respektive organ for soknet senest 15. april.

Hovudendringane kan oppsummerast slik:

Epost: sunnfjord@sunnfjordkyrja.no

Telefon: 57828180



DEN NORSKE KYRKJA

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

- *Det er klargjort kven som innstiller til vedtak (endelig fastsetting) av rekneskap og årsmelding.*
- *Nokre fristar er forsiktig utvida: Rekneskapen skal leggjast fram seinast 22. februar og årsmeldinga skal leggjast fram seinast 15. mars.*
- *Revisjonsmeldinga skal leggjast fram seinast 15. april.*
- *Rekneskap og årsmelding blir vedteke av det respektive organ innan 30. april. Det inneber at rekneskap og årsmelding blir vedteke med kunnskap om revisjonsmeldinga, dvs. slik som i kommunane».*

Konklusjon:

Gjeldande føreskrift om økonomiforvaltning § 5-7 har lite eller ingen endringar i høve til tilsvarande §17 1.ledd i dei nye økonomiføreskriftene, knytt til det som omhandlar årsavslutning, regnskapsfristar og behandling av årsrekneskapen.

Framlegget til arbeidsgruppa (sjå tekst ovanfor i kursiv) er klargjerande med omsyn til kven som innstiller til vedtak.

I tillegg vil framlegget til at revisor si revisjonsmelding skal føreligge når rekneskapen skal godkjennast vere forenklande og ryddigare i høve dagens ordning og i det som er vidareført som framlegg i den nye økonomiføreskrifta.

Framlegg til framtidig endring er samanfallande med slik rekneskapen med årsmelding vert handsama i kommunane.

Ovannemnde endring kunne med fordel vore tekne inn i det framlagde forslaget til ny forskrift då den er både meir avklarande og rasjonell.

Med bakgrunn i ovannemnde vert svar på spørsmål 8

- a) Kravet om at rekneskapen skal underteiknast held fram.
- b) Revisjonsmeldinga skal vere framlagd for rådet samstundes som rekneskap og årsmelding. Dette inneber at rådet får høve til å vedta rekneskap og årsmelding med kunnskap om revisjonsmelding.

I høyringsutkastet til departementet vert det også stilt spørsmål til kva for delar av økonomiforvaltninga for Den norske kyrka lokalt skal kyrkjemøtet gi (ikkje departementet).

Konklusjon:

Ingen deler av det som omhandlar økonomiforvaltninga lokalt skal handsamast av kyrkjemøtet av di dette er midlar som er løyvde av kommunane og av den grunn skal økonomiføreskriftene også følgje dei føreskriftene som gjeld for kommunane.

Når det derimot gjeld «opptak av lån på soknet sine vegner» støttar ein opp om det som Kyrkjemøtet vedtok i sak KM 06/19 §18 at dette vedtaket skal vere gjeldande.

Med venleg helsing

Inger Hageberg Øvrebø
Kyrkjeverje

Epost: sunnfjord@sunnfjordkyrja.no

Telefon: 57828180